



Rutebilhistorisk Forening avd. Sogn og Fjordane.

Årsmelding for RHF avd. Sogn og Fjordane 2017

Styret har vore:

På val på årsmøte 2018

Leiar	Håkon Råheim	På val
Nestleiar	Roald Herstad	Ikkje på val.
Kasserar	Per Lien	På val.
Sekretær	Bjarne Horsevik	Ikkje på val.
Styremedlem 1.	Bjørn Falck Russenes	Ikkje på val.
Styremedlem 2.	Arne Kjell Fimland	På val
Styremedlem 3.	Jonfinn Alme	På val.
Varamann 1.	Vidar Læg Reid	På val.
Varamann 2.	Trygve Årdal	På val.

Revisorar: Reidar Holsen og Leonard Birkeland

Valnemnd: Arne Ødegård, Kurt Magne Neset og Endre Hellebust

Medlemstalet var pr 31.12.2017 18 ein auke på 16 i 2017 (**48 frå Sogn**)

Årsmøtet vart halde på Skei Servicenter den 11.03.2017 der 25 medleamar møtte.

Det var halde 2 styremøte i 2017. 11.02.17 og 21.10.17 og behandla 18 saker.

Etter årsmøtet orienterte Petter Skåre om foreninga i Stryn og Håkon Råheim orienterte om turar, løyvefritak for 5 veteranbussar, og diverse andre ting.

Indre Sogn Veteranbusslag hadde årsmøte i Sogndal (Sogn Billag) 27.02.17 og der møtte 18 medleamar. Trygve Årdal og Håkon Råheim møtte frå RHF.

Etter årsmøtet var det servering av kaffi og litt godt. Etter serveringa vart det halde medlemsmøte.

Økonomi.

Rekneskapen viser eit underskot på kr 6.855,-. Vedlikehaldet på S-7038, S-359, S-7097

TV11916 var på kr 8023,- på TV 37939 kr 46.681,- TV 65595,- kr 54249,-(Skifting av pungterte glasruter.)

S-3020 kr 77.317,- S-3136 kr 32,802,-. Vi hadde ei inntekt på kr 157.180 for køyring og sponing. Revidert rekneskap vil bli lagt fram på årsmøtet.

Veteranbusstreff på Voss 25. til 28. mai.

Vi møtte med TV 11916, S-7038, S-7097, S-3020, S- 3136 og 12 personar frå Sunnfjord + Sogn ?.

Diverse andre aktivitetar.

Vi deltok som parkeringsvakter på landskyttarstemnet både i Kråkenesmarka og på Kronborg.

Og vi var 10 av medlemane i RHF som stilte opp som frivillige og deltok i fleire dagar.

Styret vil rette ei stor takk til alle som deltok i denne jobben.

Vi deltok på Sandanedagane med S-7097 slik vi har gjort kvart år etter at den var ferdig.

Vi deltok og på Sandendagane i Naustdal med S-7097.

Trygve Årdal deltok og på Skjærgårdstreffet i Askvoll med S-7038 og fekk deltakarpris der.

Vi var og innleigde for å vere med på jubileumstur på fjellvegen frå Aurland til Lærdal.

Og vi var med på **Trøkken Trøk** her i Førde 11. til 14. august.

Frode Vangsnes leigde TV 11916 på ein 3 dagars tur til Voss med Florø sanitetsforening

Vi har og hatt diverse småkøyning her i Førde, blant anna ein dag der Trygve Årdal deltok med S-7097 i innspelinga av Førdefilmen, og dette har hjelpt oss med økonomien.

Vi har og hatt ein medlemstur på 5 dagar til Stavanger - Lysefjorden – Setesdalen – Rjukan – Geilo - Hardangervidda - Voss og heim. Etter den våte sumaren vi hadde så var turen 100% vellukka værmessig i alle fall, for vi hadde ikkje igang vindusviskarane på heile turen.

Vinterlagring.

I år står TV 11916, S -7097 og S-7038 i Bygstad på gamle sagbruket under halltak og der betalar vi kr 6000,- for 2 år. S-359 står i min garasje på Rørvikflåten.

Vedlikehald.

Dette året har vi arbeidd med TV 37939 så vi er ferdig med lys, bremsar, styring , alle glas og lakking rundt alle glas rundt bussen. Vi har bremsa litt på grunn av økonomien.

Vi har og skifta nokre pungterte glasruter på TV65595 og dei er dyre.

Grasrotandel.

RHF er med i grasrotsystemet til Norsk Tipping så dersom de spelar litt kan de registrere korta dykkar på RHF avdeling Sogn og Fjordane så går litt frå staten automatisk inn på vår konto, for vi er registrert i Brønnøysundregisteret. Mange bekker små blir ei stor å.

Heimesida vår.

Dersom de går inn på RHF.no og så på lokalavdelingar så finn de litt om oss der og.

Sponsorar 2017.

Vi har i år og fått mange gode sponsorar vi er svært takksame for.

Firda Bilag AS, dieselkort kr 10.000,- Firda Billag Buss, (lån av ferjekort) Førde Sementvarefabrikk AS, Trucknor Firda AS, Trycknor Førde AS, Førde kommune, Gloppen kommune, Sunnfjord Betong AS. NHO Transport Sogn og Fjordane, Magne Hafstad AS, Steinvik Fiskefarm AS, Biltreff Førde AS, Firdaklubben Førde, Soft Sogn og Fjordane, Berge og Co AS, Frydenbø AS, Farsund og Naustheller AS, (diesel) Best stasjonen Førde AS, Førde, (diesel) Toyota Førde AS, Førde Vulk AS (dekk og gratis vask av bussane våre i maskin).

Skei Servicenter med gratis hus og mat til årsmøtet. **Styret vi rette ei stor takk til alle**

Til slutt vil styret takke desse for mange timar med godt utført arbeid i «**RUSTHOLET**»

Gunnvar Smådal, Jostein Yndesdal, Ivar Møgster, Arne Ødegård, Trygve Årdal, Audun Hovland.

Flaskepanting frå vaskehallen: Jon Frøysland. Bladpakking: Else Hovland, Arne Kirkeli, Kari Yndestad, Trygve Årdal, Jon Frøysland, Arne Ødegård, Fritjof Madsen, Bjarne Lammetun, Solveig Råheim.

TIL SLUTT EI VIKTIG MELDING.

Dersom de har fått ny postadresse (namn på veg og husnr)må de vere bra å melde frå snarast for dersom ikkje den er rett, kjem blada i retur og det kosta mykje pengar.

Håpar at alle som har epost vil sende den og til , haa-raa@online.no E-post adresse er og viktig

Ha et godt år alle saman!

For styret
Håkon Råheim.